

# Utdanningsplan Helse Førde

## -generell kirurgi (LIS 2 og 3)

Utdanningsvirksomheten skal sørge for at utdanningen av legespesialister skjer innen faglige forsvarlige rammer og på en måte som sikrer tilstrekkelig kvalitet og gjennomstrømning i utdanningsløpet. Det skal lages en **overordnet utdanningsplan** for den enkelte spesialitet som angir hvordan virksomheten vil sikre at leger i spesialisering kan oppnå læringsmålene. Formålet med den overordna utdanningsplanen for hver av spesialitetene er å beskrive oppbygning og rekkefølge for hele utdanningsløpet i spesialiteten, inkludert spesialiseringss-/suppleringsstjeneste.

Forskriften stiller tydelige krav til hva utdanningsplanen skal inneholde. Helse Vest har laget en mal for hvordan utdanningsplanen skal utformes. De ulike planene vil bli publisert på Helseforetakenes nettsider og vil være tilgjengelige for 1) spesialitetskomiteene som skal godkjenne og vurdere utdannings-virksomhetene og 2) for LIS som skal søke jobb.

Utdanningsplanene skal senest publiseres 1 juni 2019 og skal deretter oppdateres årlig.

### Spesialitet: Generell kirurgi

#### Beskrivelse av utdanningsvirksomheten

All kirurgisk aktivitet i Helse Førde foregår ved kir. avd. ved Førde sentralsjukehus. Det er 9 overlegestillingar ved avdelingen, 4 for spesialist i gastrokir., tre for urologi og ein for plastikkir. Karkir. er p.t. i 50 % stilling, avd. har 4 gastrokirurger og tre urologar. Den eine gastrokirurg saman med plastikkirurgen ivaretek mammakirurgien. Overlegar med gen.kir. kompetanse går i 6-delt vakt bak LIS 2/3. Avd. har 7 i LIS2/3 stilling, 6 av desse er LIS 2 i gen. kir., ein er LIS 3 i gastrokir. Alle desse deltek i 7-delt tilstadesvakt bak LIS1 med overlege i tertiærvakt. Det er 9-10 LIS1 til eikvar tid ved avdelingen.

Kir. avd. har følgjande fagområder: Gastroent. kir., generell kirurgi, urologi, mammakir., plastikkir., og karkir. LIS 2 roterer kvar 6. mnd. på dei to «seksjonar», den eine er gastrokir., den andre ivaretek alle andre pas. innlagt på kir. avd., urologiske pas. vil her vera i fleirtal. Totalt har kir. avd 32 senger der halvparten av desse er øyremerka gastrokir. pas. Sjukehuset har nedslagsfelt på omlag 108 000 innbyggjarar.

#### Beskrivelse av utdanningsløpene:

Kir. avd. har ovanfor nemnte fagområder, og har hatt formell utdanningsstatus med 4 år i gen. kir, 1,5 år for hhv. gastrokir. og urologi. Med oversiktleg avdeling som er kjent for å ha godt læringsmiljø med godt forhold mellom LIS og overlege, har progresjon i læring for dei fleste utdanningskandidatarv vore god ved kir. avd. Med dei arbeidsoppgåver og pasientkategoriar avd. har, vil storparten av læringsmål i gen. kir. kunna oppnåast i kir. avd. Førde Sentralsjukehus, men for læringsmål 040, 043, 053, 075, 077, 082, 085 og 087 må deler av desse oppnåast på regionsjukehus.

Internundervisning 2 t pr. veke med minst 70 t pr. år, og permisjon og støtte til obligatoriske/teljande kurs, bidreg det til høg oppnåing av læringsmål i avdelingen. Det er forventa at storparten av LIS 2/3-utdanninga kan oppnåast ved Førde Sentralsjukehus i generell kirurgi, men for godkjenning av ovanfor nemnde læringsmål er det inngått fagavtale med Haukeland universitetssjukehus.

### Introduksjon av nye LIS:

Nye LIS 2 vil avhengig av kompetansenivå ved oppstart få introduksjon i korleis avd. fungerer og kva som er forventning. Avhengig av behov, vil dei får følgevakt dei første par veker. Det blir tildelt veileidar som er overlege. Det blir informert om e-læringskurs og krav til gjennomføring. Tilbod om til eikvar tid å ta kontakt til overlege ved behov, vert understreka.

### Supervisjon, veiledning og faglig utvikling:

Supervisjon av LIS 2/3 (heretter kalla LIS ) er sentralt i alt arbeid som vert gjort ved avdelinga. Dette gjeld i avdelingsarbeid der overlege så godt som råd deltek i previsitt/visitt saman med LIS, i poliklinikk der overlege skal vera lett tilgjengeleg for veiledning/rådslaging, og ved operativ beh. der LIS gradvis vert meir og meir involvert i aktivitet, først som assistent, etterkvart som meir deltakande i inngrep under veiledning før det etterkvart blir aktuelt å gjera enklare inngrep sjølvstendig.

Det er vekentlege MDT-møter for gastro-, mamma og urologi der LIS vert oppfordra til å delta.

Veiledning er intensjon å gjennomføra månadleg. Etter behov diskuterer veileidar ev. utfordringar i overlegekollegiet. Alle LIS har avsatt i snitt 4 t/veke på sin tenesteplan til fagleg fordjuping.

### Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål:

LIS i gen. kir. skal ha månadleg veiledarsamtale med sin veileidar. Oppnådde læringsmål skal dokumenterast i Kompetanseportalen og signerast av veileidar (el. avd.sjef).

### Teoretisk undervisning:

Det er avsatt 2 t pr. veke til teoretisk undervisning der sentrale tema i faget/læringsmål vert gjennomgått, og der LIS sjølv bidreg med innhald. Dette blir minst 70 t/år.

Det vert gitt permisjon og økonomist støtte til obligatoriske/tilrådde nasjonale kurs.

### Felles kompetansemål (FKM):

Storparten av læringsmåla i FKM skal bli oppnådd gjennom klinisk praksis, dette gjeld også etisk refleksjon som må utviklast gjennom erfaringsdeling knytt til pasientcase og hendingar i den kliniske kvardag. Fokus på kvalitetsforbetring i den kliniske kvardag med understreking også for utdanningskandidatar av arbeid knytt til den nasjonale pasientsikkerhetskampanjen, arbeid med antibiotikastyring og deltaking i nasjonale kvalitetsregister, er viktige i haldningsbygging som har klar plass i den kliniske kvardag i kir. avd. E-læringskurs og deltaking i MDT-møter, har også plass i dette. Helse Vest har frå 2021 tilrettelagt for todagars basiskurs innan FKM som LIS 2/3 skal delta på.

### Utdanningsutvalg og utdanningsansvarlig overlege:

Kir. avd. har sitt utdanningsutval som består av leiar (overlege) og to andre medlemmer (LIS 2 og overlege), det er ikkje eige utdanningsutval for gen. kir. Veileidar for LIS 2/3 har sentral rolle for utdanningskand., og er ofte identisk med utdanningsansvarleg overlege.

### Forsking:

Det er betydeleg forsking knytt til overvektsproblematikk i Helse Førde/Høgskulen på Vestlandet, kir. avd. leverer betydeleg forskingsgrunnlag på dette feltet, og fleire PhD-grader utgår frå dette. Helse Førde har ved Senter for helseforskning formelt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet som bidreg med forskningsretteiing.

Ein overlege i urologi driv forsking mtp. PhD-løp. Forskingsartiklar blir presentert i vår internundervisning. LIS2/3 er involvert i kvalitetssikringsarbeid som dekkar behov for læringsmål vedr. forsking. Allereie som LIS 1 skal alle ha gjennomført FKM-LM-13 vedr. forskningsprotokoll, lovverk og forskingsetikk.

### Individuell utdanningsplan:

Ved tilsetjing vil det bli utarbeidd individuell utdanningsplan for LIS, som viser kva LIS skal gjennomføra (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer), basert på kvar i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen skal utarbeidast av LIS i samarbeid med veileder og ev. utdanningsansvarleg overlege. Planen skal godkjennast av leiar.

### Simulering og ferdighetstrening:

Det er organisert simulatorrom for øving bl.a. på laparoskopi. Det er her tilgang på D-boksar for å driva ferdighetstrening. BEST-trening 1-2 gg pr. år og traumemottakstrening etter ATLS-prinsippet kvar 6. veke, er del av ferdighetstrening. Helse Førde har oppretta eit eige SIM-senter i 2020 til bruk for alle avdelingar.

### Tillitsvalgte:

Kir. avd. har p.t. hovedtillitsvald for underordna i Helse Førde, og ivaretek tillitsvaldoppgåver for alle LIS i kir. avd.

### Kontakt:

For spørsmål om spesialistutdanninga ta kontakt med avd.sjef kir. avd.